



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 62. ÅRGANG, 2023



Kommer krestne maend og qvinder. Kommer
alle store og smaa. Leder og I skule finde
Beder og I skule faa.
Templet himlens forgord er herrens ord
I smugt bevare salig den som har
det kjær.

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Hegge sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Volbu sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

Tirsdag 14. april 2023

Framsida: Den største klokka i Hegge stavkyrkje.

Foto: Solveig Sandberg



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggnes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Dørvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Er kyrkja relevant?

Ein kan kanskje like godt spørje om spørsmålet er relevant. Vi som arbeider i kyrkja blir spurde om dette når vi samlast til inspirasjonssamlingar hos biskopen og i andre samanhengar.

Det er vanskeleg å svare på korleis folk opplever kyrkja, om ho blir opplevd relevant. Men for meg som av og til står med ansiktet vendt mot ganske mange menneske, kjennest det som ho angår og har noko meningsfylt å gje folk. Enno sit varmen i meg frå Volbu kyrkje då ukrainske songar blanda seg med orgeltonar, salmesong og langeleik. Då ukrainarar og lokale bygdefolk saman tente lys og skreiv bønner om fred på eittårsdagen for Russlands angrep på Ukraina, då kjendest kyrkja absolutt relevant!



Bønnelappar og tente lys for Ukraina

Eg blar i bileta eg har teke dette året. Julefesten med mykje folk og mange nasjonar, staute soknerådsmedlemmer, sporty konfirmantar og gode allierte i Røde kors omsorg gjer meg glad over å vera ein del av eit godt bygdesamfunn.


Det har og vore både moro og inspirerende å sjå kor mange som har møtt opp på temakveldane om Grønt Håp i Hegge kyrkjestogo som kyrkja har hatt i samarbeid med Naturvernforbundet. Ikkje mindre inspirerende har engasjementet og den gode stemninga vore. Det er akkurat som om folk likar å treffe kvarandre.

Fleire har alt meldt seg på pilegrimsvandring 26.- 29. juli, det er løfterikt.

Snart står påska for døra. Det kan godt hende at det er fleire som prisar livet ute i skiløypene enn inne i kyrkja! Men om Vårherre har sterkare verkemiddel enn oss som prøver etter beste evne å preike siger over døden – ja då er det den beste som vinn! Men kvifor enten eller? Påska har rom for begge deler, tenkjer eg! Å ta imot livet, gleda, livsmotet der det blir bydt oss; i skaparverket eller i tonar, ord og fellesskap i kyrkja.

Gledeleg påske!

- Eli



Redaksjonen seier tusen takk for alle bidrag til kyrkjebladet. Dette kjem godt med.

Velkommen – biskop Ole Kristian Bonden!

AV: JORUN VANG

- Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap som er opne, og der folk kan føle seg frie å oppleve at dei høyrer til.

Det sa biskop Ole Kristian Bonden i takketalen si til dei frammøtte etter at han vart vigsla som biskop i Hamar domkyrkje 29. januar 2023.

Innsettinga av Bonden skjedde i ei høgtideleg gudsteneste med fullsett domkyrkje, der H.M. Kong Harald deltok. Det gjorde også representantar frå Storting, Regjering og rettsvesen saman med inviterte gjester og folk flest.

Biskopen vår er oppteken av ei raus og open folkekyrkje der alle kan kjenne seg heime. – Vi skal bygge på dei gode tradisjonane vi har, der mange menneske, både tilsette og frivillige, gjer ein innsats for kyrkja si kvar dag, seier han.



Handspålegging FOTO: ALF SIMENSEN NTB



Saman med kongen FOTO: ALF SIMENSEN NTB

Han ønsker også at kyrkja skal bidra til håp i ei verd prega av krig. – Eg trur kyrkja betyr mye for folk, og det er mange utfordringar vi slit med både på det personlege plan, men også i verda i dag. Da treng vi ein stad å ta vare på draumane våre om håp, om at det umoglege kanskje kan skje, at vi saman arbeider for både håp og kjærleik, seier han.

Han trekker fram dei to forgjengarane sine, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske, som førebilete og store inspiratorar. Dei var tydelege på at «Inga tru er for lita» og at «Gud gjer ikkje forskjell på folk». Dette er verdiar han sjølv ønsker å vidareføre.

Vigslingsgudstenesta ga eit godt bilete av dette. Her var det barnekor saman med domkoret, tekstlesing med representantar frå ungdomsråd, samisk utval

og det nordiske bispekollegiet, og også dans som ein del av seremonien. Ole Kristian Bonden vil ha gudstenester der fleire kan kjenne att livet. – Dans er ei uttrykksform som kan formidle kjensler, stemningar og budskap som ikkje alltid ord kan gjere, seier han.

Han tar nå fatt på oppgåva med å leie kyrkja i Hamar bispedømme inn i framtidas utfordringar og moglegheiter:

- Som biskop i Hamar skal eg gå saman med dykk og bere korset som Kristi merke, som kyrkja sitt teikn i verda, som ei påminning om at ingen går åleine. Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap der vi kan finne openheit, fridom og tilhørslse.

- «Eg vil gå inn i gjerninga, med den nåde Gud vil gje meg.»

Andakt

Kristus er her, fordi vi er her!

AV: OLE KRISTIAN BONDEN

Kvinnene fann grava tom. Dei fann ikkje Jesus sin kropp, står det. Kvar var han egentleg, den oppstadne? Det funderte dei også på, kvinnene ved grava.

Det skjedde noko. To framande spør: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei daude?»

Spørsmålet må ha vekt noko i dei. «Då hugsa dei orda hans», står det. Det minte dei om det Jesus hadde sagt før han døydde. Ja, dei hugsa ikkje berre orda hans. Orda sette dei i rørsle. Dei gjekk, dei sprang- og dei fortalde det til alle dei andre.

Undervegs møtte dei han også, den oppstadne Jesus Kristus. Dei kjende

han ikkje att med det same. Dei hadde vanskeleg for å tru at det kunne vere han. Men han synte seg for dei på vegen då han snakka med dei og gjekk saman med dei eit stykke, då han delte brød og vin ved bordet, då han ropte oppmuntrande til dei på ein dårleg arbeidsdag etter timar med slit på sjøen utan ein einaste fisk i garnet.

Det var hendingar der dei kjende han att. Dei kjende att Guds kjærleik og nåde i det kvardagslege livet der Jesus plutselig var midt blant dei, fysisk, konkret, som eit anna medmenneske; ein som skapte tru, håp og kjærleik i dei og blant dei og gjennom dei. Ja, ein som sette dei i rørsle til andre.

Tru på at oppstoda set menneske i rørsle, fyrst kvinnene ved grava, så dei andre disiplane, deretter kyrkja og menneska over heile verda! Tru på oppstoda er drivkraft til liv! Trua er heilt grunnleggande- ikkje berre i livet i kyrkja, men i livet i verda.

Trua på oppstoda vart til ei rørsle, og rørsla vart til ei kyrkje – og til liv for mange. Å ja, kyrkja kunne trø feil, gjere menneske urett, svikte Gud. Men ho ber også trua til trøyst, håp og handling. Trua som ubroten rører seg utover, til utkanten. Til verda.

Jesus er ikkje i grava. Han har stått opp. Han er her, fordi vi er her.



VALDRES I 1000 ÅR I 2023

EIN DEL AV Snorre forteller at kristendommen kom til Valdres ved tvang og list. Olav Haraldsson skal ha tatt seg over fjellet fra Lærdal

NASJONALJUBILEET
NOREG
I TUSEN ÅR

høsten 1023, og samlet folket til ting. Der bød han dem kristendommen, men de tok ikke mot. Om natten lot han gårdene på andre siden av fjorden rane og brenne. Da bad bøndene om fred og fikk grid. Snorre er både konkret i omtalen og omtrentlig med fakta.

Den brutale historien er det ikke noen grunn til å feire. Vi vet også at Olav døde i slaget på Stiklestad i 1030 og at han seinere ble en helgen. Men det som er mest spennende for oss

som skal organisere 1000 års feiringen i Valdres, er hva dette hadde å si for Norge og Valdres i årene etterpå og fram til i dag.

Hvilke endringer skjedde i samfunnet for 1000 år siden med kristenretten som Olav hadde med seg og med organiseringen av Norge? Hvordan endret dette folks tenkemåte? Og hvilke utfordringer står vi overfor i den brytningstid vi nå lever i? Vi håper at det å bli kjent med fortida, både det som var kritikkverdig og det som var av det gode, kan gi innspill til hvordan vi bygger gode lokalsamfunn som gjør Valdres til et godt sted å leve. Dette må vi stå sammen om, både de med lange røtter i Valdres, og de som seinere har flyttet til. Viktig er det også å ta med flyktninger som har funnet sin plass i Valdres.

Vi har hentet inspirasjon fra verdigrunnlaget som er satt opp fra Nasjonaljubileet:

1. Hvordan skaper en et felleskap som både tåler og verdsetter ulikheter?
2. Finnes det verdigrunnlag som er ufravikelige?
3. Hvordan forstår og definerer vi oss selv i møte med andre?
4. Hva tar vi med oss fra fortiden og hva leverer vi videre?
5. Hvordan former vi et samfunn i spenning mellom tradisjon og fornyelse?

Prosjektet Valdres i 1000 år støtter arrangement som markerer jubileet og som har i seg jubileets verdigrunnlag. De vil også kunne bruke logoen som er laget til 1000 års feiringa. Vi vil gjerne høre fra de som har gode ideer som de kunne tenke seg å realisere. Vi ønsker oss spennende møteplasser, og vi har fått noen midler så vi kan støtte flere arrangement.

Styringsgruppa består av prost Carl Philip Weisser, Ingebjørg Moe fra Valdres historielag, Ove Ekerbakke fra Øystre Slidre kirkekontor, Katharina Sparstad fra Valdres natur og kulturpark, Ole Aastad Bråten fra Valdresmusea, Geir Kongslie fra Vestre Slidre kirkekontor, Aud-Karin Hovi fra Nord Aurdal kirkekontor og Eivind Brenna.

Starten på feiringa skjedde allerede ved nyttårsleite. Da ble Olavflammen, som ble tent på Stiklestad, brakt til Valdres. På Kvithøvd, høyeste punkt på åsen mellom Vestre Slidre og Øystre Slidre, ble denne ilden overrakt fra presten i Øystre til presten i Vestre Slidre. Så ble den tatt med til museet på Fagernes der den blir tatt vare på og brenner hele jubileumsåret.

Det blir markeringer og arrangement gjennom hele året. Flere arrangement er allerede gått av stabelen.

På julegudstjenesten for ungdomsskolen i Øystre Slidre tok ordfører og ungdommer imot Olavflammen som var kommet fra Stiklestad.

På Valdres Folkemuseum var det den 9. februar et svært interessant seminar med tittel: «Valdres for 1000 år siden». En fullsatt sal fikk spennende dypdykk i historien ved mange dyktige foredragsholdere. Planen er at foredragene skal gis ut i bokform.

I februar gikk foredragsserien «Grønt håp» av stabelen tre torsdagskvelder i Hegge kyrkjestogo. Her samarbeidet Naturvernforbundet i Valdres og kyrkja i Øystre Slidre. Målet var å se sant på klimasituasjonen samtidig som en ikke lar seg overmanne av håpløshet.

PROGRAMMET FRAMOVER:

1.– 30 APRIL:

ARV. Smykkeutstilling i Høre Stavkyrkje. Gullsmed og smykkedesignar Reidun Breistig har laga ei utstilling av smykker knytt til hennar kristne tru, og tilpassa og inspirert av Høre Stavkyrkje.

6. MAI:

Relansering av Kyrkjepasset for Valdres. «Bilgrimstur». Prosten inviterer til rundreise med avreise fra Fagernes til et utvalg av kirker i Valdres. Middag underveis. Påmelding.

13. MAI:

Åpning av Kulturstøga i Øye – nytt velkomstbygg knyttet til Øye stavkirke. Utstilling om bl a Olav Haraldsson.

23. JUNI – 1. JULI:

Pilegrimsvandring Hedalen stavkirke til Sankt Tomaskyrkja i Vang. 28. juni etappen frå Røn til Slidre er spesiell jubileumsdag open for dagsvandrarar.

2. JULI:

Messe ved Fystrokyrkja

26. – 29. JULI

«På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres 2023». Pilegrimsvandring fra Nysetstølen i Etnedal til Slidredomen 29.juli. Tre overnattinger. For påmelding; ta kontakt med Eli Vatn, e-post: ev896@kyrkja.no

29. JULI:

Økumenisk freds-gudstjeneste i Slidredomen. Hamar biskop, tidligere og nåværende Valdres-prester og representanter for ulike tros-samfunn.

Olsokfeiring og felles hovedmarkering ved Slidredomen.

Arrangement ved Tingsteinen i Slidre. Olsokfeiring og folkefest etter messa. Servering, underholdning og hilsminger.

29. JULI:

Olsokgudstjeneste i Reinli

30. JULI:

Olsokmesse i Lomen stavkyrkje. Olsokmesser og stølsmesser fleire steder i Valdres.

23. AUGUST:

Spelstykket på tingplassen ved Leinesanden. V/ Vang historielag.

27. AUGUST:

Kongeveg-vandring frå Olavskjelda på Breidablikk til Leirskogen kyrkje med konserten: «Som en kjelde klar og ren». Sør-Aurdal historielag og kyrkja i Sør-Aurdal

2. – 3. SEPTEMBER:

Saltvegen over Filefjell. Vandring i samarbeid med Ragnar Eltun, Vang kommune, VNK og DNT.

Flere arrangement vil komme til etter hvert så her er det bare å følge med!

- Eivind Brenna og Carl Philip Weisser

Grønt håp!

TEKST: GUNVOR HEGGE

Et overordna tema for jubileumsåret 2023 er RESSURSAR OG RIKDOM. På bakgrunn av dette har kyrkja i samarbeid med Naturvernforbundet gjennomført tre temakvelder i vinter.

Første kvelden var temaet Beredskapshagen. Eli innleidde med diktet Våren av Aasmund Olavson Vinje, om håpet som ligg der om enno ein gong å få sjå det spirer og gror etter ein kald og snørik vinter. Korleis vi kan nyttiggjera oss dette som skjer i naturen, og korleis kan vi førebu oss på kriser som kan koma? Beredskap handlar ikkje berre om mat, men også om andre samfunnsviktige funksjonar som er sårbare i ei krise. Verda heng saman, og det som skjer ein plass, påvirkar også oss her og andre delar av verda. Folkekunnskapen om vegen frå plante til mat minskar, og å vera sjølvforsynt og ha eit lager med mat, er viktig. Kva gjer vi i bygda vår dersom dette skjer? Det hadde Barbro og Anders Nordrum mange gode tankar og tips om. Nordrum er utdanna gartner, og sjølvforsyning og dyrking under enkle har kår har vore ei interesse

han har hatt lenge. I 2015 fekk han og kona oppleva korleis dette kunne gjerast i praksis då dei besøkte ein russisk datsja, som er ein form for kolonihage. Sidan den gongen har dei arbeidd med dette i Valdres, og har god erfaring med grønnsakdyrking her i fjellbygdene. Det går an å få gode avlingar utan bruk av kunstgjødsel, ja til og med utan husdyrgjødsel. I tillegg til å bruke kompost, er det fint å dekke jorda rundt plantene med gras. Dette fører til varme og at jorda ikkje tørkar ut, meitemakbestandnen aukar, røtene går i makkegangane som har høgt næringsinnhald, graset blir nedbrote til jord og jorda blir porøs og fin. Dette saman med gjødsling med neslevatn vil gje gode og fine avlingar. Men beredskap handlar også om korleis vi kan møte ei krise mentalt. Å ha eit nært forhold til jorda, møtast som medmenneske, bli kjende og fortrulege med kvarandre. Det er viktig at alle gjer noko, og kjenner på å gjera ein forskjell. Fram til ei eventuell krise, kan vi ha stor glede av å dyrke mykje av maten vår sjølv.



Barbro og Anders Norum Foto: Gunvor Hegge

Den er kortreist og rein. Men det er viktig å starte i det små. Barbro og Anders har saman med dottera Maria gjeve ut boka «Beredskapshagen, slik får du mat ut av plenen», som viser steg for steg korleis ein kan gjera dette med enkle midlar. Dei har og ei heimeside www.datsja.no der ein kan finne mykje interessant stoff om emnet.

Torsdag 16. februar møtte vi opp til ny temakveld i Hegge kyrkjestogo. Denne kvelden kom Øyvind Wistrøm og held foredrag under tittelen: «Hvor ble det av vinteren? Eller: Om håp i en klimakrisetid». Wistrøm er utdanna marinbiolog, og har ein allsidig bakgrunn innan økologi og miljøfag. No er han nestleiar og svært aktiv i BKA, Besteforeldrenes klimaaksjon. Første delen av foredraget tok oss gjennom kva som er naturlege klimaendringar. Faktorane i dei naturlege

klimaendringane har ikkje vi menneske herredøme over. Her virkar vindsystem og havstraumar som oppstår på grunn av jordrotasjonen, vulkanutbrot, jordskjelv og drivhuseffekt inn. Korleis jordkloden er plassert i forhold til sola endrar seg også over tid. Samanhengane er komplekse. Fram til den industrielle revolusjonen var svingingane ganske konstante innan yttergrensene. Men så plutselig (i dette tidsperspektivet) aukar CO2-konsentrasjon og temperatur kraftig og mykje raskare enn den naturlege sirkulasjonen. Og det er tempoet i denne auken som er problemet. Årsaka er brenning av olje, kol og gass. Karbonutslepp, CO2-konsentrasjon og temperatur fylgjer kvarandre, og forskninga meiner det er 95% sikkert at menneskeleg påvirkning har bidrege til meir enn halvparten av auken.

forts. neste side



Øyvind Wistrøm forklarar Foto: Fred Kuyper

Er det håp om at vi kan greie å snu noko på denne utviklinga? Ja, meiner mange, men vi har dårleg tid! Den kjende aktivisten Greta Tunberg skal ha uttala: «Når vi startar å handle, er det håp overalt. I staden for å leite etter håp, leit etter handling. Då vil håpet koma.» Så lenge klimakrisa er menneskeskapt, kan mennesket også gjera noko med det. Er vi mange nok som gjer litt, vil summen bli stor. Engasjement gjennom deltaking i organisasjonar som arbeider målretta, demonstrasjonar, kurs, koma med uttaler, drive politisk lobbyverksemd passar for nokon, etterisolere hus, bruke alternative energikjelder, kompostere og dyrke kortreist mat kan vera aktuelt for andre. Og vi kan alle handle på det personlege planet ved å minke på forbruket, reise mindre, minske matsvinn.

Til slutt anbefalte Wistrøm nokre bøker der referenten merka seg spesielt ei: Brita Helleborg: Klimaglede – en håndbok i å leve miljøvennlig.

Frå økosorg til økohåp

Den tredje temakvelden om grønt håp hadde tittelen Frå økosorg til økohåp. Leif Gunnar Engedal, professor i sjelesorg og religionspsykologi ved Menighetsfakultetet og rettleiar ved Modum Bad gjennom mange år, innleidde om



Leif Gunnar Engedal om økohåp
Foto Fred Kuyper

temaet.

Vi er i ei omveltningstid. Den store samanhengen er under ein stor trussel, og for mange er dette som ei tung bær som går på helsa og livet laust. Dei siste 5 -10 åra har Engedal møtt menneske som kjenner stor sorg for den smerta som Moder Jord no lever med, og det er noko nytt. Naturen er ikkje verdsett på ein slik måte at ein syrgjer når han går tapt. Dette er ei einsam sorg utan kollektive riter som ein har tradisjon for, og for oss som har levd ei stund,

også bunde saman med ei skuld kjensle over å vera delaktige i krisa ved å vera borgarar i eit samfunn som bidreg til krisa. Undersøkingar og forskning viser at ein stor del av den yngre generasjon er redde for framtida, og i ei undersøking av 10000 unge frå ulike land svarar så mange som 4 av 10 spurde i Europa at dei ikkje ynskjer å setja barn til verda. Korleis skal vi møte denne økosorga? Det er viktig å respektere og anerkjenne kjenslene hjå personar som slit. Prøve å forstå, lytte, ta seg god tid. Å sjå etter mulegheiter, finne det som gjev mening. Åleine er bora tung. Etter kvart er det kome i gang samtalegrupper der økosorg er tema.

Vi må innsjå at vi er på veg inn i ein ny tid der vi kollektivt må tenkje annleis. Vi må vise at vi kan greie oss med mindre og glede oss over dei nære ting. Kunst, kultur, litteratur, og ikkje minst opne sinn og sansar for rikdommen i naturen. Kortreiste gleder som berikar det å vera menneske. Engedal prata også om gleda ved forsaking og utsetjing av behovstilfredsstillig.

Det skjer også positive endringar «der ute». Gode nyheiter er viktig å få fram for at vi ikkje skal bli apatiske og miste alt håp, utan at det blir ei sovepute for at vi held fram som før.

PÅSKEMAT - rikdom og ressursar

AV: ANNE NORA ALUND FOTO: PRIVAT

Eg takkar for utfordringa frå Kyrkjebladet om å skrive litt om påskemat. Påske med forteljingar, aktivitet og samvær er ei stor høgtid, her finst rikdom som kan gjere oss meir glade i samt gje meir omtanke for kvarandre. Derfor vil eg hylle påskematen vel så mykje som julematen.

Det er eit mangfold av detaljar i matens verden (som i livet). Opplevingar rundt mat er viktig, og mat hjelper oss å hugse. Vårt forhold til tradisjonar må overførast til neste generasjon. Eg trur det trengst (oppfriska) kunnskap om påskehistoria, og eg påstår vi alle blir snillare av god mat.

Her i Kyrkjebladet opererer eg med at påska varer frå palmelaurdag til og med 2. påskedag (som skoleferien). Eg skisserer veldig enkelt hendingar frå Bibelen som skjedde i desse dagane, som menyen speglar seg i.

PALMELAUDAG: Jesus kjem på «påskeferie» til vennene sine i Betania, like ved Jerusalem. Palmesundag: Jesus rir inn på ein esefole mot Jerusalem, folket står langs vegen, strør palmeblad på vegen, hyller han som konge. Når han ser byen, græt han over den. Måndag: Jesus på tempelplassen, det er mykje folk der. Jesus blir rasande over pengeveksling og sal.

TYS DAG: Jesus underviser på tempelplassen, mange lyttar og stiller spørsmål.

ONSDAG: Judas let seg freiste av 30 SØLVpengar og fortel dei skriftlærde i korleis dei kan fange Jesus.



SKJÆRTORS DAG: Jesus og disiplane feirar påske, har tradisjonelt påskemåltid med blant anna lam.

LANGFREDAG: Lang dag for Jesus som måtte lide og døy, også for mor hans og andre nære.

PÅSKEEFTAN: I dag kviler Jesus i grava. Jesus fór ned i dødsriket, heiter det i truedkjenninga.

PÅSKEDAGEN: På denne dagen står Jesus opp frå grava. 2. påskedag: Jesus viser seg fram, fyrst for Maria Magdalena (som fyrst trudde det var gartnaren).

PÅSKEMENY MED TYDELEG INNSLAG AV GRØNT HÅP

PALMELAUDAG: Broccolipai og salat.....Ein rett som kan vente på påskegjester.

PALMESUNDAG: Lauksuppe med ostesmørbrød....Å skjære opp mykje lauk får kokka til å felle tårer.

MÅNDAG: Hot kyllingsuppe/kyllinggryte....Ver så raus med karri eller chili at de «ser» bord velte.

TYS DAG: Skolekjøkkensuppe med rundstykke.....Undervisning og barnelærdom.

ONSDAG: Silderettar med forskjellig

typer brød, egg, lauk.....Sild blir ofte kalla havets sølv.

SKJÆRTORS DAG: Lammegryte med byggryn.....Lam på skjærtorsdag er sjølvsgat for denne kokka.

LANGFREDAG: Fiskesuppe, kokt på abbor.... Eg får «lide litt» med skarpe abborfinnar og rensing.

PÅSKEEFTAN: Pirogar.....Desse ser ut som stein (som låg framfor grava), eller dei kan likne ei grav.

PÅSKEDAGEN: Rømmegrout med heimelaga saft.....På høgtidsdagar er dette tradisjonskost i Valdres.

2. PÅSKEDAG: Lapskaus.....Hos gartnaren finn ein alt ein treng.

Kvar og ein kan bruke sine egne oppskrifter eller google, tenkjer eg, men eg deler gjerne mine.

Å lage påskemat handlar om å skape noko anna enn kvardagsmat, om litt luksus. Derfor skal ein bruke dei beste råvarene og vite at skaparglede er ein stor ressurs. Tenk over kvar påskematen kan etast, kva slags følelsar som kan skapast og forsterkast. Spesielt tre sansar blir aktivert; evna til å smake, lukte og sjå. Kanskje menyen kan vera ein appetittvekkar som gjer oss nysgjerrige og får oss til å gå til Kjelda?

MIN SALME



«Deg å få skoda» (NOS 482)

Denne salmen likar eg så godt. Den har tekst som gjev meaning for meg, og som er ei bøn på livsvegen.

Men det eg er aller mest glad i, er melodien- ein irsk folketone, god å lytte til og god å synge.

Både far og bestemor song mykje med meg då eg var lita- det var viser og salmar. Om eg ikkje forstod teksten støtt, vart eg veldig glad i melodiane.

- Anne Berit Bolstad

Deg å få skode er sæla å nå, Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå; ver du for tanken min dyraste skatt, ljuset som strålar ved dag og ved natt!

Ver du min visdom, mi sanning og trøyst, tal du det levande ord med di røyst! Far, lat meg vere barn her hjå deg. Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd; ver du det merke som syner mitt verd, livd for mi sjel, den tryggaste vakt; lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

Rikdom og ære, som menneske gjev, er ikkje meir enn den morknande vev Du er min arv som varer til sist, himmelske konge, det veit eg for visst

Konge i æva, å lat du meg då, sigrande inn i ditt rike få gå! Ver du mi tru, den vona eg ber til eg får skode din herlegdom der

Irsk salme fra 700-tallet.

Oversatt til norsk av Arve Brunvoll i 1978.

HEKTA

Endeleg HEKTA-leir igjen!

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Etter to år med Korona og avlyste leirar var det flott å kunne kome på leir igjen. Bare vellæte frå fornøgde konfirmantar, foreldre og prest. (Vi hadde med oss dei greiaste konfirmantane). Nokre minne kjem her!



På Ugandamarkedet til inntekt for bistandsarbeid i Uganda kunne ein få kjøpt det meste f.eks. ekstra ansiktspryd.




Flotte undervisningsshow morgon og kveld.



Bobkjøring fall verkeleg i smak.



Gutta våre hadde konkurranse om slagferdighet på Ugandamarkedet.



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING
I ØYSTRE SLIDRE

Julevandring

Tradisjonen tru kom dei eldste ungene i Rogne barnehage og var med på julevandring ved Rogne kyrkje. Takk til staben og dei tilsette i barnehagen som stiller som skodepelarar!



Julevandring 2022 Foto: Marianne Straum



Utdeling av 4-års-bok

Lammet Lukas held preike for 4-åringane.



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I LIDAR KYRKJE 8. JANUAR:
Frå venstre: Aadne Helle Schlytter, Vetle Marinius Lagrud Grønolen, Ane Melbye Skoglund, Ida Bjørneseth Storrusten
FOTO: Marianne Straum



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE 8. JANUAR:
Frå venstre: Jørgen Hesjadalen Linn, Johannes Aleksander Sindsen Hesjadalen, Odin Engen, Daniel Aarøen Haugen, Elvine Engen Skattebo
FOTO: Marianne Straum



Desse fekk 4-årsbok i Hegge stavkyrkje 22. januar:
Birger Blomlie Hegge, Malin Solhaug Svanheld, Charlotte Strande Robøle

I Volbu kyrkje 22. januar møtte ingen grunna sjukdom.



Salmekveldar i Rogne kyrkjestogo

TEKST OG FOTO: INGRID MEYRICK

Over ei lengre periode i januar og februar var det sikkert fleire enn meg som fekk med seg - og vart rørt til tårer av - Demenskoret. Og ære vera Ingrid og Kim som fekk dette i stand og let oss få ta del heilt fram til konserten på Chat Noir.

For oss som har vore med i sangkor i årevis, kjem det ikkje som ei overrasking at sang i fellesskap gjer noko med oss. Men vi behøver ikkje vente til vi blir gamle eller har fått demens før vi syng saman! Vi kan heller tenkja førebygging! Kom til Rogne Kyrkjestogo på salmekveld! Vi er etterkvart blitt ei fast gruppe som samlast omlag ein gong i månaden. Etterkvart kjem fleire til- meir og meir langveges frå. Vi er mange som set stor pris på å syng salmar- gamle og nye- helst dei gamle, gode kanskje, som vi hugsar frå skuledagane.

Desember var kald dette året og då vi i adventstida møttest for å syng julesanger, viste gradestokken berre 11 grader inne då vi kom. Men ingen ville avlyse eller flytte til ein annan stad. Vi lot uteplagga vera på og sette oss i ein halvsirkel framfor peisen der det etterkvart brann lystig. Marit Hegde fekk den tøffaste jobben som skulle akkompagnere oss. Ho kunne ikke gøyme frosne fingrar i jakkelomma.

Det vart kaffepause tidleg denne kvelden. Då vi song «Kling no klokka» spurde Lillian om ho ikkje kunne få sende ei lydfil til slektningane sine i Brasil. Ikkje lenge etterpå kom det begeistra svar med takk- frå «andre sida frå kloden».

Sang og musikk er ei kjelde til glede og positiv energi. Det må vi hugse særskilt når dagane er kalde, verdssituasjonen og klimaangsten vil kvele oss og dagane er tunge å koma gjennom. Syng ein sang! Kom på sangkveldane for å koma i gang, etterkvart vil du oppleve at songane lever i deg og blir med deg inn i kvardagen, og du nynnar vidare for deg sjølv og for dei du har rundt deg.

Syng når du alene går

“Syng når du alene går,
syng når fler skal sammen bindes.
Uten sang er ingen vår,
og i sang den siden minnes.

Syng deg sammen med ditt folk,
gjennom det med hele Norden;
bli så siden selv en tolk
for den tro, som din er vorden.”

Tekst av Bjørnstjerne Bjørnson

Kyrjeklokkene ved Hegge kyrkje

Utdrag frå boka Hegge stavkyrkje 800 år
Tekst av Solveig Sandberg

På loftet i stupulen heng det fire kyrjeklokker, to store og to mindre. Avhengig av vinddrag og temperatur kan desse klokkene høyrast over store delar av soknet.

I gamle inventarlistar hjå Riksantikvaren les vi at det i 1675 hekk to temmeleg store klokker i stupulen, og at det var to mindre i takryttaren på kyrkja. Dessutan skal det inne i kyrkja ha vore to 16 alen (om lag 10 meter) lange dragliner som truleg hekk ned frå desse klokkene. I tillegg var det ei lita klokke i koret. Denne ser ut til å ha forsvunne frå inventarlistene i 1732. Då dei tok ned takryttaren og bygde det nye tårnet, vart klokkene nedtekte. Sidan har det aldri vore klokker i tårnet på kyrkja.

I 1823 og i 1847 fekk kyrkja dei to store klokkene som heng i stupulen i dag.

Den største klokka har denne inskripsjonen:

Kommer krestne maend og qvinder. Kommer alle store og smaa. Leder og I skule finde Beder og I skule faa. Templet himlens forgord er herrens ord I smugt bevare salig den som har det kjær.

Støbt af M.K.SØBERG 1823

Under messa den 1. mai 1967 fekk den største klokka ein sprekk då kyrkjetenaren skulle slå bellsлага etter gudstenesta. Sprekken gjekk frå kanten og 20 cm oppover og førte til at tonen vart borte. Klokka, bellen og klokkeopphenget vart sende inn til reparasjon, og klokkestøyperiet O. Olsen & Søn i Tønsberg sveisa klokka.

Inskripsjonen på den minste av dei to store klokkene vitnar om at det har skjedd noko med den også.

På klokka står: "Denne klokke tilhører Hægge kirke og er omstøbt av Knud Sundt MDCCCXLVII".

Ringinga

Kyrkjetenaren ved Hegge kyrkje ringer framleis med klokkene på same måten som det har vorte gjort i generasjonar før. Klokkene sit fast på kvar sin aksel. Dei er store og tunge og vert sett i gang med handmakt når kyrkjetenarane dreg i eit grovt tau som heng ned frå kva klokke. Ved å få den enkelte klokka til å svinge att og fram på akselen sin, gjev ho frå seg ein taktfast lyd. Når to karar

ringer med to eller fleire klokker samtidig, må dei også kontrollere farten på klokkene slik at dei ikkje kjem i utakt. Samstundes må dei vera på vakt og passe seg sjølve for klokkene.

Kunsten er å bruke passe mykje kraft, slik at klokka kjem heilt på topp. Då vil bellen ta til å skjelva inntil klokka går ned att. Nyttar ein fleire klokker på ein gong, gjeld det å få til ein fin samklang.

Ved vanlege messer vert det ringt med dei største klokkene i cirka tre minutt ein time før messa skal begynne. Så ringer dei på nytt med desse klokkene i tre minutt like før messa tek til. Mot slutten av messa vert det slege tre gonger tre slag med bellen på den største klokka.

Når det er inngang med prosesjon, som til dømes ved konfirmasjon, vert det ringt med dei store klokkene under denne inngangen. Ved vigsel vert det ringt tre minutt før det heile startar, og så vert det slått tre gonger tre slag etter velsigninga. Om brudeparet ynskjer det, vert det også ringt ved utgangen.

Ved gravferd slår ein med bellen i den største klokka medan fylgjet går til grava. Etter tradisjonen vert det også ringt når seremonien ved grava er over.

På juleeftan, nyttårseftan, påskeeftan og pinseeftan er det høgtidsringing i tråd med lokal skikk frå klokka 15 til 16. Ofte vert det då ringt med alle dei fire klokkene. Det er tradisjon at folk i alle aldrar samlar seg for å vera med når det vert ringt desse kveldane. For mange er opplevingane ved stupulen av høgtidspunkta i feiringa av høgtida.

Korleis song Hegge-klukkudn?

*Ding-dang! Dalang!
Torstein Langbein! Gudrun Ljøsheim!
Lang vega Beitadn. Seint koma Sjelad'n,
Hæggi hærasmænnum, Hæggi hærasvænnum!
Lidar hærasmænnum! Lidar hærasvænnum!
Sylv dei lagde, i vor tunge,
vakkert vil vi sjunge,
aa din sidste færd,
over Gjallarbrui lang og smale*

Når det vart ringt på den same måten kvar gong, gav songen og tonane frå dei gamle klokkene gjenklang hjå folk. Enkelte laga stev eller låttar av musikken dei høyrde i ringinga. Slike kyrkje-klokkelåttar kunne syngjast eller spelast på langeleik eller fele og vart viktige bidrag til den lokale folkemusikken.

Foto: Solveig Sandberg

- Lengst til venstre heng dei to mellomalderklokkene



KYRKJELEGE HANDLINGAR DESEMBER 2022 - FEBRUAR 2023

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Knut Erikson Moe
Jørgen Ragnar Robøle
Arnulf Enride Mork
Nils Trandokken
Kåre Skogen
Magne Arvid Rogne
Geir Olav Bergli

HEGGE STAVKYRKJE

Berit Nordås
Ragnhild Nerstad

DÅP

ROGNE KYRKJE
Mari Myreng
Mailen Hovda Kolstadbakken
Sebastian Rogne Myklebust

LYSKAPELLET

Hennie Charlotte Sandaas
Sebastian Sandaas

VIGSEL

LIDAR KYRKJE
Jannike Notto Tvenge og Kristian
Notto Simensen
Katrine Lodgaard og Lars Flatøy

Juletefest på Tingvang

TEKST OG FOTO: MARTHA VIKEN

8. januar 2023 var det juletefest på Tingvang. Alle var velkomne - og arrangøren var sokneråda og Røde Kors omsorg. Etter ein svært kald desember, kom denne dagen med snø og mildver.

Eg tok med Randi, tanta mi. Det var lenge sidan ho hadde vore på juletefest, og me gledde oss. Me var tidleg ute, og me var nok av dei fyrste som kom inn i ein fint pynta storsal med småbord langs veggane og eit nydeleg juletre frå golv til tak. Randi sakna lukta av friskt granbar, men nytida er komen, så treet var nok kunstig- men flott var det!

Etter kvart kom det både både barn, unge og eldre, mange var våre nye bygdefolk- dei fleste frå det krigsramma Ukraina.

Sokneprest Eli Vatn ynskte velkomen, og me song alle versa av "Fager er den himmel blå" akkompagnert av Hanne Rolandsgard.

Eit av versa lyder slik:
*"Vise menn frå austerland,
ferdastaven tek i hand,
denne kongen vil dei finna,
denne kongen vil dei vinna,
og for honom bøya kne,
og for honom bøye kne"*

6. januar er Heilagtrekongarsdag, og det var difor naturleg at dette var tema for festen.

Etter at Endre Liaskar Granli hadde spelt to låttar på torader, vart det jultregang med mest leik rundt treet- stor stem-

ning, glede og song. Det var fem ringar rundt treet. Så smakte det godt med saft, kaffe, te og mange nydelege kaker. Tid til spørsmålstevling vart det og. Etter måltidet fekk borna utdelt gåver frå "Dei tre vise menn", som hadde teke turen innom. Dei av borna som ville halde fram festen, kunne no gå uti kaffesalen til leik og ulike aktivitetar, medan me vaksne etter ei roleg kaffestund kunne gå rundt juletreet og syngje alle dei gode, gamle julesongane våre- leia av forsanger og ikkje minst perfekt musikk av Hanne. Sokneprest Eli intervjuar ein frå Ukraina om korleis dei feira julehøgtida si der.

Kvelden vart avslutta med takk og "Deilig er jorden".



Gang rundt juletreet



Tradisjonen tru kjem dei tre vise menn med gåver til alle.

VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

God Påske



April

02 04 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00
Palmesundag. Høgmesse og dåp ved
prost Carl Philip Weisser

02 04 2023 Lyskapellet kl. 11.00
Palmesundag. Gudsteneste ved sokne-
prest Eli Vatn

02 04 2023 Øystre Slidre helsetun
kl. 16.30 Palmesundag. Gudsteneste
prost Carl Philip Weisser

06 04 2023 Lyskapellet kl. 17.30
Skjærtorsdag. Den gylna time med
nattverd ved sokneprest Eli Vatn

07 04 2023 Vangsjøen kl. 11.00
Langfredag. Påskefjellgudsteneste ved
prost Carl Philip Weisser

07 04 2023 Lidar kyrkje kl. 19.30
Langfredag. Pasjonsgudsteneste ved
sokneprest Eli Vatn

09 04 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Påskedag. Høgtidsmesse ved prost Carl
Philip Weisser

10 04 2023 Volbu kyrkje kl. 19.30
2. påskedag. Høgmesse ved sokneprest
Eli Vatn med konfirmantar

22 04 2023 Volbu kyrkje kl. 10.00
Kyrkjeskippet: Gudsteneste for 2-åringar
og foreldre. Sokneprest Eli Vatn m.fl.

23 04 2023 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

30 04 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest prost Carl
Philip Weisser

Mai

07 05 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse Tårnagent ved sokneprest
Eli Vatn

17 05 2023 Volbu kyrkje kl. 09.30
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

21 05 2023 Rogne kyrkje kl. 19.30
Samtalegudsteneste ved sokneprest Eli
Vatn

28 05 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
pinesdag. Gudsteneste ved prost Carl
Philip Weisser

28 05 2023 Lidar kyrkje kl. 13.00
pinesdag. Gudstenest med dåp ved
prost Carl Philip Weisser

Juni

04 06 2023 Volbu kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

04 06 2023 Rogne kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

11 06 2023 Lidar kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

11 06 2023 Hegge stavkyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

18 06 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

18 06 2023 Volbu kl.13.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

Den gylna time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

17. april, 22. mai og 12. juni i Rogne
kyrkjestogo kl. 19.00

Baby song

18. april og 23. mai i Rogne kyrkjestogo
kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg
velkomne saman med foreldra til ei
koseleg stund med song, musikk og lett
servering.

Pusterom

23. april (NB! søndag) og 15. mai i Volbu
kyrkje. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

www.skjerikirken.no
Dette er ei felles infoside om alt
som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](#)

Her fortel vi om hendingar og
opplegg knytt til kyrkjer og
kyrkjeliv i kommunen.

KONFIRMANTAR 2023

Volbu kyrkje 4. juni kl. 10.30

Ørjan Berg
Tor Even Idstad
Tobias Håvelsrud Svarre
Kristin Kjørli

Rogne 4. juni kl. 12.30

Andreas Hermundstad Andersen
Tias Reboli Bakken
Odne Liaskar Granli
Rahim Nordli Holden
Tinius Stanes Høe
Henrik Johansen
Sølve Rudi-Nereng
Thea Helene Steen Rogne
Victoria Skogen

Lidar 11. juni kl. 10.30

Trym Skrebergene Lykken
Håkon Smedvig Nordmeland
Amund Hovda Skolte
Linnea Lien-Lyhus
Mathilde Mørstad
Samanta Vaidilauskaite

Hegge 11. juni kl. 12.30

Georg Rødningen Kolbjørnshus
Tord Gjerdalen Oldre
Marit Skrindsrud Nordås

Årsmøte

Lidar torsdag 20. april kl. 19.00 i
Lidar skule.

Rogne 7. mai kl. 11.00 i kyrkjestogo
etter messe.